

Kulturminne på reise - oppgåve

Kva skal du gjere?

Eit kulturminne kan vere ein ting (det vert kalla *gjenstand* på museum) eller det kan være noko *immaterielt* (for eksempel ein song, eit eventyr, ein handverksteknikk eller ei oppskrift). Felles for alle kulturminna er at dei har ei historie og tyder noko særskilt for eitt eller fleire menneske. Mange kulturminne har vore på reise. Dei har reist i tid, ved at dei er gamle og har vore eigd eller brukt av mange generasjonar. Ofte har dei også reist over store avstandar, som til dømes ein suvenir frå ein ferie, ei gåve frå ein onkel i Amerika eller ein pynteting som har vore med på flyttelasset frå eit anna land til Noreg.

I oppgåva skal du finne fram til eit kulturminne. Det skal være eldre enn deg sjølv, og ha ei særskilt meining for nokon du kjenner. Det kan være ein gjenstand eller ein song som har vore i familien i generasjonar, og det kan være eit kulturminne frå eit anna land som har kome til Noreg. I oppgåva skal du finne ut meir om historia til dette kulturminnet.

For å finne ut meir om det kulturminnet du vel ut, må du snakke med nokon som kjenner til kulturminnet si historie - ein *informant*. Du skal intervjuje denne personen og samle inn opplysningar. Kanskje har du ein gjenstand heime og kan intervjuje foreldra dine om denne? Du kan også skrive om eit kulturminne heime hjå naboen, hjå bestemor eller hjå mannen i butikken.

Kva treng du?

- Spørjeskjema

Det finst to spørjeskjema. Skal du skrive om ein gjenstand vel du det eine, skal du skrive om eit immaterielt kulturminne vel du det andre.

- Fråsegn om samtykke

Du må også ta med ei *fråsegn om samtykke* til dei du skal intervjuje.

Det er eit ark der det står litt informasjon om prosjektet, og der dei du intervjuar må skrive under på at det er greitt at opplysningane dei gir kan nyttast. Det er viktig at du leverer fråsegna til læraren når du er ferdig.

- Fotografiapparat

Dersom du skal skrive om ein gjenstand har du bruk for fotografiapparat.

Viss du skal skrive om ein song, ei oppskrift eller ein dans kan du kanskje teikne, ta opp på band eller filme.

Kva skal du levere til slutt?

Når prosjektet er slutt skal du legge ferdig utfylt spørjeskjema og fotografi i prosjektmappa di på skulen sin server. Fråsegn om samtykke skal du levere til læraren.

Lykke til!